

Burde Rosendal ungdomsskule vore stengt?

05.10.2007

Burde Rosendal ungdomsskule vore stengt? Det er uskedeling og lærar Thor Inge Døssland som stiller dette spørsmålet i eit innlegg i lokale media..

Thor Inge Døssland: - Noko må skje straks med ungdomsskulen i Rosendal.

Han var tilsett ved skulen i 1981/82 og kom attende hausten 2006 som forelder. Møtet med skulen, der det er mange elevar frå Uskedalen, gjorde då sterke inntrykk.

-Eg vart nærast sjokkert då eg såg standarden på bygget ungdommane våre skulle jobba i. Ikkje noko bygningsmessig var gjort dei vel 25 åra eg hadde vore borte. Bygningane var dei same, men standarden var naturleg nok dårlegare med den store slitasjen det er på slike bygg, skriv Døssland.

Han nemner at det i den same perioden hadde vor to større påbygg på Husnes ungdomsskule, men elevtalet ved rosendal-skulen har minka klart mindre enn på Husnes i denne 25-årsperioden.

På klasseforeldremøtet i haust vart det opplyst at timeplanen var lagt om og at timane var gjort kortare på grunn av tung luft, opplyser Døssland.

Han finn det rett at denne skulen står først på prioriteringslista over skulebygg som må opprustast og spør:
- Kanskje burde den vore stengt for fleire år sidan?

Døssland meiner at ungdommane og dei tilsette burde vore tilbydd heilt andre arbeidstilhøve og at det må skje noko straks med den 40 år gamle bygningen. Hvis politikarane gjer endringar i toppen på prioriteringslista, gjer dei eit grovt overgrep mot ungdommane, held han fram.

Då evnar dei ikkje å representera heile kommunen .

Av Ola Matti Mathisen